



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 15/21

Møtedato: 12.05.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandler: Kenneth Monsen

TIDLEGARE BEHANDLING – NYE OPPLYSNINGR I SAKA PÅ SIDE 3

S974, Kvåsstøl – søknad om inngjerda beite

Stølsbrukaren søker om ca. 50-60 daa til beite ved Kvåsstølen. Det blir drive aktivt stølsbruk med mjølkeproduksjon.

Grunngjeving for søker er følgjande:

Søknad om Beite til Lagrudstølen 94/1/974

Søker hermed om å gjerde inn beite fortrinnsvis til nattbeite for min støl på Kvåsstølen.

Eg har tegnet slik ca inn på vedlagt kart kva som kan vera aktuelt for meg, det er avgjerande at område er i direkte tilknytning til stølen fordi beite er mest aktuelt for nattbeiting. Eg har i dag eit nattbeite og det er ikkje stort nok.

Området som er stippulert på kart er berre slik ca. slik at det må justerast til våren. Ca 50-60 dekar.

Inngjerding med nasjonalgjerde.

Overflatebehandling er det tenkt krattknusing og noe tynning/hogst ellers ingenting foreløpig.

Tiltaket vil også bidra til at stølsområdet vil holde seg meir åpent framover.

Mvh

Steinar Lagrud

Utvising av inngjerda beite er regulert i §5 i stølsforskrift:

§ 5. Beiteareal, inngjerding, natthamning og gjetarbu

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.


Søknad om å få utvist beiteareal og ein stad for oppføring av gjetarbu skal sendast til fjellstyret. Fjellstyret skal legge saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Fjellstyret tek avgjerd om beiteareal og gjetarbu, og fastset dei nærmare vilkåra for det utviste, under dette vilkår om oppføring av gjetarbu, kva slags bygningar som kan setjast opp, frist for å ta bua eller beitearealet i bruk m.m. Fjellstyret skriv ut eit dokument til beitebrukaren om utvisinga. Statskog SF skal ha kopi av det endelege vedtaket og dokumentet til beitebrukaren.

Statskog SF tek avgjerd om inngjerding av beiteareal etter tilråding frå fjellstyret. I avgjerala kan Statskog SF setje dei vilkåra som er nødvendige, mellom anna kva slag gjerde søkeren skal bruke og kor det av omsyn til ferdsel skal vere eit le eller ei grind.

Når beitearealet eller gjetarbua ikkje lenger er i bruk skal fjellstyret fatte vedtak om at inngjerdinga eller gjetarbu skal fjernast, om det ikkje kan utvisast til ein annan som har bruksrett. Elles gjeld føresegnene om fjerning av hus i § 8 tilsvarande.

Kart som syner omsøkt område:



Skisse frå søkjer



Oversiktskart

Fjellstyret har tidlegare handsama slike søknader om beite, og har vist ein positiv haldning særskilt der det er mjølkekyr, slik som i tilfellet her.

Ynskja areal ligg inntil ei opparbeida skiløype, som er planert. Kart frå søknad tyder på at ynskja areal går inntil skiløype, men at den ikkje inngår i det areal som ynskjes inngjerda. Vasetløypene som har opparbeida denne traseen vil vere ein naturleg høyriingspart og kunne uttale seg om verknaden for skiløypa. Det er nærliggande å anta at det bør vere ein minimums avstand mellom inngjerda beite og opparbeid skiløype, som kan nyttast som turveg sommarstid. Ein antek ein minimumsavstand på 5 meter mot opparbeida skiløype er eit godt utgangspunkt.

Det ligg og ein opparbeida sti inntil stol S786, som og kan vere aktuell å sikre slik at denne stien ikkje vert avstengt som følgje av ny inngjerding. Her er det kanskje nok med 3 meters breidde mot ny inngjerding. Dette er og noko som kan avklarast i høyringa.

Området er undersøkt i tråd med naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Området er vurdert opp mot naturbasen til DN, og dessutan artskart. Det er ikkje vist nokon registreringar i database som er rekna som sårbar eller trua i umiddelbar nærliek til det aktuelle arealet. Ein ser på dei opphavlege kommunale registreringane som er supplerte med nyare registreringar på stølsjorder som godt nok avgjerdsgrunnlag.

§ 9 (føre-var-prinsippet)

Vi meiner at § 9 er oppfylte. Den sentrale ordlyden om at: «Finst ein risiko for alvorleg eller irreversibel skada på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngiving for å utsetja eller la vere å treffa forvaltingstiltak» vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då det er klart at kunnskapen er god nok rundt naturverdiane av influensområdet til å seia at ein irreversibel skadde på naturmangfaldet ikkje vil skje som følgje av tiltaket.

§ 10 (økosystemtilnærming og samla belastning)

Vi meiner at ordlyden om økosystemtilnærming får avgrensa bruk i denne saka.

§ 11 (kostnadene ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar)

Ikkje aktuelt med ytterlegare registreringar eller nye tiltak.

§ 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)

Ikkje aktuelt.

Som ein konklusjon legg fjellstyret til grunn at det ikkje er viktige artar eller naturtypar som blir vesentleg skadelidande som eit resultat av denne saka.

Det er imidlertid registrert nokre potensiell kulturminne innafor ynskja areal. Dette vil antagelig dreie seg om kolgroper, sidan dette ligg registrert som «fjernmålte kulturminner». Gjennom kommuneplan arbeid har fjellstyret fristilt eit større areal som kan defineraast som «referanseområde for kol utvinning i statsallmenninga». Her ligg det særskilt mange kolgroper og tilhøyrande anlegg. Det er ein viss forventnad at fylkeskommunen då legg til grunn referanseområdet, og handsamer slike tiltak utanfor dette referanseområdet på ein enkel måte der dette er mogleg. Ein ber fylkeskommunen vurdere dette ved eventuell høyring.

Det er berre ein mindre del av arealet som er definert som «dyrkbart», men enn så lenge hovudfunksjonen er nattbeite, er dette for så vidt av noko mindre betydning.

Saka er sendt for avklaring via kommunen og Statskog, der det er komme følgjande uttale:

Vestre Slidre kommune:

Kommunen ser positivt på søknaden, og bekreftar at det vert dreve aktivt med mjølkeproduksjon.

Statskog:

Statskog er positive til at det tilrettelegges for mer aktiv beiting. I dette tilfellet må det avklares med andre bruksberettigede i området som evt. kan bli berørt av inngjerdingen. Dersom Fjellstyret viser ut beitearealet, kan Statskog gi grunneiers tillatelse for oppsetting av gjerde i henhold til kartet nedenfor, og med følgende vilkår:

- Stier og ferdsselsårer skal ikke stenges*
- Løypekjøring vinterstid skal ikke hindres, fri passasje må evt. sikres med le*
- Gjerdet skal vedlikeholdes slik at det ikke kommer til skade for folk og dyr*

Gjennom uttale frå Statskog føreligg det samtykke til inngjerding, og det er då opp til Fjellstyret å endeleg avgrense inngjerdinga.

Oppsummert tilrår administrasjonen at fjellstyret legg saka på offentleg ettersyn til alle berørte partar.

Framlegg til vedtak i sak 02/21:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

Vedtak i sak 02/21 (Møte den 17.02.2021):

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

NY BEHANDLING:

Det vart gjennomført offentleg ettersyn i perioden 19.02. – 16.03 2021, både gjennom tilskrivning av direkte rørde partar samt annonse i Avisa Valdres og utlegging på fjellstyret sin heimeside.

Det er ikkje motteke nokon merknader.

Når det gjeld potensielle kulturminner, er dette noko som alltid må avklaraast før det vert gjennomført tiltak i marka. Det skal uansett ikkje gjennomførast graving eller liknande inngripande tiltak i terrenget jfr stølsbrukaren sin eige søknad.

Administrasjonen har take kontakt med fylkeskommunen, og fått følgjande uttale:

Det er en god løsning å legge inn en buffersonse, gjerne på 10 meter. Det er nok bare kullgroper, men vi ønsker jo at så få som mulig ødelegges. Jeg har sett på LIDAR-data og kan markere de gropene jeg ser på kartet. Dataene fra dette området er litt vanskelige å lese, så jeg kan ikke garantere at alle avmerkingene mine er kullgroper. Det er også mulig at det ligger flere kullgroper innenfor området enn de jeg har sett, så jeg ber om at dere er observante når arbeidet starter og er litt forsiktige med andre strukturer som kan være kullgroper. Jeg sender deg et kart med avmerking så fort som mulig.

I utgangspunktet har administrasjonen utfordra fylkeskommunen på om dette kan frigjevast sidan fjellstyret har vore positiv til eit «referanseområde» for kulturminner i nærlieken. Det er ikkje komme svar på dette no som saken skal skrivast ferdig, så dette kan evt tas opp direkte i møtet.

Administrasjonen tilrår med dette ei positiv haldning til søknaden, og tilrår at det vert vist ut beite slik omsøkt jfr Stølsforskrifta § 5, med vilkår som er nemnd av Statskog og skildra i saka samt omsyn til potensielle kulturminner.

Framlegg til vedtak

Jfr Stølfsforskrifta § 5 vert det gjeve løyve til omsøkt areal for nytt beite, tilhøyrande G/Bnr 76/2 – Steinar Lagrud. Tildeling vert gjort på følgjande vilkår:

1. *Stigar og ferdelsåre skal ikkje stengast.*
2. *Løypekjøring vinterstid skal ikke hindres, fri passasje må evt. sikres med le.*
3. *Det sikres ein minimums avstand på 5 meter frå opparbeid skiløype, og 3 meter avstand til opparbeida sti inntil S786*
4. *Gjerdet skal vedlikeholdes slik at det ikke kommer til skade for folk og dyr*
5. *Fjellstyret ber fylkeskommunen frigje kullgroper innafor omsøkt tilleggsjord, med tanke på avsetting av «referanseområde» innafor Vestre Slidre statsallmenning.*

Vedtak

Jfr Stølfsforskrifta § 5 vert det gjeve løyve til omsøkt areal for nytt beite, tilhøyrande G/Bnr 76/2 – Steinar Lagrud. Tildeling vert gjort på følgjande vilkår:

1. *Stigar og ferdelsåre skal ikkje stengast.*
2. *Løypekjøring vinterstid skal ikke hindres, fri passasje må evt. sikres med le.*
3. *Det sikres ein minimums avstand på 5 meter frå opparbeid skiløype, og 3 meter avstand til opparbeida sti inntil S786*
4. *Gjerdet skal vedlikeholdes slik at det ikke kommer til skade for folk og dyr*
5. *Fjellstyret ber fylkeskommunen frigje kullgroper innafor omsøkt tilleggsjord, med tanke på avsetting av «referanseområde» innafor Vestre Slidre statsallmenning.*

Generelle reglar om fjellstyrevevdetak:

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevevdetaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 14.05.21

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog
Innlandet fylkeskommune
Stølsbrukar
Vestre Slidre kommune